



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Deres ref.:

Vår dato: 04.10.2012
Vår ref.: 2012/5346
Arkivnr.: 008

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartement
Postboks 8036 Dep.
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: postmottak@fmro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høringsuttale til NOU 2012:5 Bedre beskyttelse av barns utvikling

Fylkesmannen i Rogaland viser til høringsbrev av 08.05.2012.

Vi er i hovedsak enige i dei anbefalte tiltaka og forslaga til lovendringar. Fylkesmannen vil uttale følgjande til nokre av dei foreslegne endringane:

Kapittel 5 Hjelpetiltak:

Utvalet meiner det bør vurderast ei presisering i lova om at tiltaksplanar og evalueringar skal være skriftlege, og at det bør lovfestast ein frist for evaluering. Metodar for evaluering bør utviklast. Fylkesmannen meiner også at dette er viktig og gir si tilslutning.

Fylkesmannen er samd i at beviskrava til pålegg om hjelpetiltak bør senkast. Formålet er å unngå ei omsorgsovertaking, og vilkåret for å påleggje hjelpetiltak bør difor ikkje vere like strengt som for å flytte barnet ut av heimen. Dei strenge beviskrava kan vere grunnen til at fylkesnemnda sjeldan handsamer slike saker. Fylkesmannen er også samd i at det må kunne påleggjast fleire typar hjelpetiltak, både kompensierende, kontrollerande og omsorgsendrande tiltak. Vi stiller likevel spørsmål ved om ein skal kunne påleggje meldeplikt og kva ein eventuelt vil oppnå med dette. Utvalet foreslår at nemndsleiar åleine kan avgjere saker med pålegg om hjelpetiltak. Fylkesmannen stiller spørsmål ved om desse avgjerslene bør treffast av fylkesnemndsleiar åleine, *sjølv om* Fylkesmannen ser behovet for raske avgjersler i desse sakene. Fylkesmannen vil påpeike at dette er inngripande tiltak for privat part og at det kan være behov for sakkyndig kompetanse særleg ved vurderinga av omsorgsendrande tiltak.

Vi har elles ikkje motførestillingar mot at sakshandsaminga vert forenkla og støttar at ein har *munnlige forhandlingsmøte utan omfattande skriftleg dokumentasjon i forkant*.

Fylkesmannen vil også peike på at det er behov for Foreldre- og barntiltak. Departementet har oppfordra til og lagt til grunn at slike tiltak blir tilbode av Bufetat. Fylkesmannen meiner at det bør lovfestast ei plikt til å tilby Foreldre- og barntiltak på lik line med barneverninstitusjonar.

Kapittel 6 Omsorgsovertaking:

Utvalet anbefaler at det vert etablert eit nytt førande prinsipp for vurdering av omsorgsovertaking, det utviklingsstøttande tilknytingsprinsippet, og at dette vert gitt forrang framfor det biologiske prinsippet i saker der tilknytings- og relasjonskvaliteten er til hinder for barnet si utvikling. Fylkesmannen gir si støtte til dette forslaget.

Utvalet foreslår at fylkesnemnda bør ta stilling til kor tenleg § 4-12 d er i alle saker, sjølv om vilkåra for omsorgsovertaking er oppfylt etter § 4-12 a-c. Fylkesmannen støtter dette synet.

Kapittel 7

Utvalet foreslår at Fylkesmannen overtar tilsynet med fosterheimane. Vi viser vidare til høyringsnotat – forslag til endringar i barnevernlova av 5. september 2012. Det er her foreslått at kommunane skal behalde ansvaret for tilsyn med fosterheimane, men det må sikrast betre kvalitet på tilsyna. Fylkesmannen er einig i at kommunane bør behalde ansvaret, og at det er behov for å sikre kvaliteten på tilsyna. Det bør også stillast krav om at tilsynsførarar har naudsynt kompetanse på barn og barn si utvikling. Vi vil kommentere dette nærare i høyringsuttale til sistnemnde forslag til endringar.

Kapittel 8

Vi støtter utvalet si anbefaling om endre §§ 4-8 og 4-9 slik at samværsretten kan regulerast også etter vedtak om flytteforbod.

Kapittel 10

Fylkesmannen støtter også utvalet sitt forslag om at adopsjon alltid bør vurderast i tilfeller der barnet er tidleg og varig plassert i fosterheim, og at vurderinga bør gjerast på eit tidleg tidspunkt mens barnet ennå er lite.

Med helsing

Tora Aasland
Fylkesmann

Pål Iden
avdelingsdirektør/fylkeslege

Dokumentet er elektronisk godkjent av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje underskrift.

Juridisk bistand: Torunn Salte

Saksbehandlar: Gunn Nylend
e-post: gunn.nylend@fmro.no
telefon: 51568858